

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Fjerde søndag i treeiningstida - 3. juli 2022

Denne tekstgjennomgangen ble første gang publisert i 2013

Preiketekst: Sal 22, 8-12

Lesetekst I: Matt 9,35-38

Lesetekst II: 1 Tess 2,5-13

Jesus-salme som også gjeld oss

Salme med slitestyrke

Salmane i Bibelen, i GT, har slitestyrke og kan brukast i alle situasjonar i alle generasjonar til alle tider. Dette ser vi tydeleg når det gjeld Salme 22, som dagens tekst er henta frå.

David er forfattar av salmen, han ropar ut si sorg, si fortvilning, si bøn og sin lovsong for Gud Herren. Salmen har vorte brukt gjennom generasjonar, i heimane og i gudstenesta. Mange har med desse orda av David fått syngja ut og ropa ut si bøn til Herren. Salmen kunne brukast til å ropa ut fortvilning og frustrasjon likeså vel som til å syngja ut glede og takk. Ja, salmen er eit vitnemål om den Gud som er og som er til stades, nærverande: *"For han har ikkje forakta den som er hjelpelaus, og ikkje vendt ryggen til den som lid. Han løynde ikkje andletet, men hørde då han ropa om hjelp."* (22,25)

Bodskapen om denne Gud er ein bodskap som stadig må forteljast vidare, til stadig nye menneske: *"Eg vil fortelja mine brør om ditt namn. Midt i forsamlinga vil eg lovprisa deg."* (22,23)

Salme om Jesu lidning

I Jesu lidingssoge finn vi igjen sitat frå denne salmen. Jesus sjølv siterer frå han og dei som spottar Jesus, siterer frå same salmen!

I Matt 27,35 heiter det: *"Så krossfeste dei han. Og dei kasta lodd om kleda hans og delte dei mellom seg."* Noko som er eit direkte sitat frå Salme 22,19.

I Matt 27,39 les vi om dei som gjekk forbi på Golgata den lange fredagen: *"Dei som gjekk forbi, spotta han, riste på hovudet og sa..."*. Dette finn vi igjen i Salme 22,8.

I Matt 27,43 bruker overprestane, dei skriftlærde og dei eldste Salme 22,9 som bakgrunn for det dei seier når dei spottar Jesus på krossen: *"Han har sett si lit til Gud; lat no Gud berga han, om han har han kjær."*

I Matt 27,46 står det at Jesus frå krossen ropar med høg røyst i den niande timen det som tyder: *"Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?"* Slik byrjar Salme 22,2.

Det vil vera rett å seia at Salme 22 talar om Jesus. Samtidig er det ein salme brukt av Guds folk i hundreåra før Jesus kom til verda. For dei var det ei bøn i vanskelege situasjonar og lovsong og takk for Guds varetect midt i det tunge og vonde.

Og det er ein salme brukt av Guds folk i hundreåra etter Jesu liv på jorda, hans død og oppstode. Det kan vera ei salme brukt både i fortvilning og glede!

Salme som gjeld oss

Når vi som lever i dag, les salmen, kan vi få vera det "eg" som uttrykkjer seg.

Kanskje vi har opplevd det, å bli håna, at folk vrengrer leppene mot oss, at dei ristar på hovudet av oss. Kanskje vi har opplevd slike ting fordi vi har gitt uttrykk for at vi trur på ein levande Gud som har frelst oss og held oss oppe? Kanskje vi har opplevd å høyra at menneske rundt oss spotta Gud ved å tala nedsetjande om han? (jamfør vers 9) Det kan vera tøft og tungt. Men verre endå er at det finst menneske i verda som stadig opplever å bli håna, spotta, spytta på og torturert fordi dei vedkjenner seg Jesu namn. Både mellom Jesus-truande jødar, og mellom folkeslaga elles kan det kosta å tru på Jesus som Messias. Det finst også i dag menneske som lid, som sit i fengsel, som blir drepne fordi dei vedkjenner trua på den levande Guds Son. Lat oss aldri gløyma dei! Lat oss aldri seia eller gjera ting som kan gjera byrdene tyngre for dei! Lat oss be for dei!

Vi er nok mange som kan seia som David i v 10-11. Vi takkar Gud for livet, for at vi er fødde, for at vi har fått veksa opp i gode og trygge tilhøve! Frå før vi var fødde, var det nokon som bad for oss, og dei slutta heller ikkje å leggja oss fram for den allmechtige Gud då vi kom til verda. Foreldre, besteforeldre, tanter, onklar, dei var trufaste i bøn og omtanke. *"Frå eg vart fødd, er eg kasta på deg, frå mors liv er du min Gud."* (v 11) Dette kan eg seia, og dette er eg takksam og glad for, ser det som ein stor rikdom!

Ei flott oppgåve

Så tenkjer eg, det er ikkje alle som er så heldige, så rike. Både i vårt nærmiljø og lenger borte finst det mange som treng at vi ber omsorg, praktisk og i bøn. Barnet i mors liv treng det! Det fødde barnet treng det, som liten, mens det veks opp, som ungdom! I ei vond og vanskeleg verd treng alle å vera *"kasta på Gud"*!

Vi kan vera slike som *"kastar andre på Gud"*! Ei flott oppgåve!

Eg har av og til moro av å sjå kva som står i ulike bibelomsetjingar.

På fulani (språk i Vest-Afrika) heiter v 11: *"Du har halde meg fast frå før eg var fødd; like frå mors liv har du vore min Gud."*

På fransk lyder v 11 slik: *"Frå mors liv har eg vore under ditt vern; frå mors mage har du vore min Gud."*

Ulike måtar å fortelja dette på at frå før vi er fødde, er vi i Guds hand, under Guds vern.

”Nå la oss takke Gud...som helt fra moders liv på oss har nådig tenkt og alt hva tjenlig er, så rikelig oss skjenkt.” Slik syng vi i ein song, og vi kan ikkje anna enn å seia: Takk, gode Gud, vår himmelske Far!

Etter at David har minna Gud på hans omsorg like frå mors liv, kjem ei inderleg bøn om at Gud heller ikkje må gløyma han når trengsla er nær og han ikkje ser nokon som kan hjelpa! At han er i stor fortviling ser vi av dei følgjande versa, men vona og trøysta hans ligg i det faktum at han framles får kasta seg på den Gud som har sett til han like frå før han kom til verda.

Den tru får også vi ha: sjølv i dei mørkaste stundene er vi i hendene på den Gud som har skapt oss og held oss oppe frå dag til dag! For ei trøyst! Han fører og leier oss, stundom utanom, oftast gjennom vanskane! Men vi skal få tru, alltid i kjærleik!

Vidare ut

Dei to lesetekstane minner oss på at budskapet om denne Gud skal forkynnast vidare til stadig nye menneske, mellom det gamle gudsfolket og til alle andre folk. Til det trengst det menneske kalla av Gud, be derfor Gud kalla medarbeidarar! (Matt 9,38) Teksten frå 1 Tess seier oss noko om korleis medarbeidarane er rette vitne: *”Vi forkynte evangeliet for dykk..., vi ferdast mellom dykk truande på heilagt, ærleg og ulasteleg vis,” (1 Tess 2,9b og 10b)*

Alvhild Vassel Eide

Misjonskonsulent i NMS, region Bjørgvin, fagområde grasrot, gruppe, forening.

ave@nms.no